


NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK



UTDANNINGS- STATISTIKK

VAKSENOPPLÆRING 1982/83

EDUCATIONAL STATISTICS
ADULT EDUCATION 1982/83

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK B 460



UTDANNINGSSTATISTIKK

VAKSENOPPLÆRING

1982/83

EDUCATIONAL STATISTICS

ADULT EDUCATION

1982/83

STATISTISK SENTRALBYRA
OSLO — KONGSVINGER 1984

ISBN 82-537-2052-1
ISSN 0332-8058

EMNEGRUPPE

(Byråets inndeling)

Utdanning

ANDRE EMNEORD

Arbeidsmarkedskurs

Kursvirksomhet

Opplysningsorganisasjoner

Studiearbeid

Voksenopplæring

FORORD

Denne publikasjonen gir opplysningar om all vaksenopplæring med unntak av brevskolar og bedriftsintern opplæring. Statistikken er utarbeidd etter same opplegg som i fjor, men det er gjort endringar i nokre tabellar. Kurs som før blei kalla yrkesopplæringskurs for vaksne, har no fått nemninga arbeidsmarknadskurs.

Ein del hovudtal frå denne statistikken er tidlegare gitt i Statistisk ukehefte nr. 11, 1984 og i serien Nye distriktstall.

I serien Norges offisielle statistikk, NOS Utdanningsstatistikk, gir Statistisk Sentralbyrå elles ut publikasjonane Grunnskoler, Videregående skoler, Universiteter og høgskoler, og Oversikt. Statistikken er utarbeidd under leiging av konsulent Liv Støren.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 27. mars 1984

Arne Øien

Arild Jeber

PREFACE

This publication contains statistics on all adult education activities except the correspondence schools and schooling within the firms. The statistics are presented in the same design as last year, but there are some changes in a few tables. Courses previously called adult vocational education, are now called labour market courses.

The Central Bureau of Statistics in addition issues these publications in the series Educational Statistics: Primary Schools, Upper Secondary Schools, Universities and Colleges, and Survey.

The publication has been prepared under the supervision of Ms. Liv Støren.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 27 March 1984

Arne Øien

Arild Jeber

INNHOLD

	Side
Figurregister	7
Tabellregister	7
Tekstdel	
1. Føremål	9
2. Opplegg og gjennomføring	9
2.1. Datagrunnlag	9
2.2. Omfang	9
2.3. Datainnsamling	9
3. Feilkjelder	10
4. Omgrep og kjennemerke	11
5. Bruk av tabellane og nokre hovudresultat	12
5.1. Bruk av tabellane	12
5.2. Samanlikningar med tidlegare statistikkar	12
5.3. Nokre hovudresultat	12
Tekst på engelsk	14
Figurdel	19
Tabelldel	22
Vedlegg	
1. Vaksenopplæring. Spørreskjema	81
2. Rapportskjema for vaksenopplæringstiltak. Spørreskjema	83
3. Melding om påbegynt/avsluttet arbeidsmarkeds kurs. Spørreskjema	85
Utkomne publikasjonar	
Tidlegare utkome på emneområdet	87
Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå etter 1. januar 1983	88
Standardar for norsk statistikk (SNS)	94

Standardteikn i tabellar

- .. Oppgåve manglar
- Null
- 0,0 Mindre enn 0,05 av den brukte eininga

CONTENTS

	Page
Index of figures	8
Index of tables	8
 Text	
1. Purpose	14
2. Survey design	14
2.1. Data	14
2.2. Scope	14
2.3. Collection of data	14
3. Errors	15
4. Terms and variables	15
5. Use of tables and some main results	16
5.1. Use of tables	16
5.2. Comparability to other surveys	17
5.3. Some main results	17
 Figures	 19
 Tables	 22
 Annexes	
1. Adult education. Questionnaire	81
2. Report on adult education activities. Questionnaire	83
3. Labour market courses. Questionnaire	85
 Publications	
Previously issued on the subject	87
Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 January 1983	88
Standards for Norwegian Statistics (SNS)	94

Explanation of Symbols in Tables

- .. Data not available
- Nil
- 0,0 Less than 0,05 of
unit employed

FIGURREGISTER

	Side
1. Deltakarar i prosent av folkemengde over 15 år. Fylke. 1976/77 og 1982/83	19
2. Deltakarar etter kjønn og fagfelt. 1982/83	20
3. Opplysningsorganisasjonar. Deltakarar etter organisasjon. 1969 - 1982/83	21

TABELLREGISTER

VAKSENOPPLÆRING GENERELT

1. Kurs og deltakarar. Fylke. 1980/81 - 1982/83	22
2. Kurs, deltakarar og timar. Fylke	23
3. Deltakarar etter arrangørtype. Fylke	24
4. Deltakarar etter fagfelt. Fylke	25
5. Deltakarar etter timetal for kurset, kjønn og arrangørtype. Absolutte tall og prosent ...	26
6. Kurs, deltakarar og timar, etter næring for arrangøren	27
7. Kurs og deltakarar, etter når kurset gikk føre seg og næring for arrangøren	29
8. Kurs, deltakarar og timar, etter arten av utdanning (einskildutdanningar)	32
9. Deltakarar etter undervisningsform og arten av utdanning (faggrupper)	42
10. Kurs og timar, etter undervisningsform og arten av utdanning (faggrupper)	47
11. Kurs etter timetal for kurset, fagfelt og utdanningens nivå. Prosent	53

OPPLYSNINGSORGANISASJONAR

12. Opplysningsorganisasjonar. Deltakarar etter kjønn og organisasjon. 1980/81 - 1982/83 ...	54
13. Opplysningsorganisasjonar. Kurs og undervisningstimar, etter organisasjon. 1980/81 - 1982/83	55
14. Opplysningsorganisasjonar. Deltakarar etter fagfelt og organisasjon	56
15. Opplysningsorganisasjonar. Deltakarar etter organisasjon. Fylke	60
16. Opplysningsorganisasjonar. Undervisningstimar etter organisasjon. Fylke	62
17. Opplysningsorganisasjonar. Deltakarar etter type tiltak. Fylke	64
18. Opplysningsorganisasjonar. Statstilskott etter type tiltak. Fylke. 1 000 kr	65

ARBEIDSMARKNADSKURS

19. Arbeidsmarknadskurs. Kurs, kursplassar, søkjarar og deltakarar. Skolefylke	66
20. Arbeidsmarknadskurs. Kurs, kursplassar, søkjarar og deltakarar, etter kurstyp	67
21. Arbeidsmarknadskurs. Deltakarar og grunn til avbrot. Skolefylke	73
22. Arbeidsmarknadskurs. Deltakarar og grunn til avbrot for menn og kvinner i ulike aldersgrupper	74
23. Arbeidsmarknadskurs. Mannlege og kvinnelege deltakarar i ulike aldersgrupper, etter situasjon før kurset starta. Prosent	75
24. Arbeidsmarknadskurs. Deltakarar etter situasjon da kurset slutta. Prosent. Skolefylke .	76
25. Arbeidsmarknadskurs. Deltakarar i ulike kurstypar, etter situasjon da kurset slutta. Prosent	77
26. Arbeidsmarknadskurs. Deltakarar i grupper for kjønn og alder og i ulike kurstypar, etter rett til dagpensar. Prosent	78

VAKSENOPPLÆRING I FORSVARET

27. Vaksenopplæring i Forsvaret. Kurs, deltakarar, timar med lærar og deltakartimar, etter arten av utdanning	79
---	----

INDEX OF FIGURES

	Page
1. Participants in per cent of population over 15 years. County. 1976/77 and 1982/83	19
2. Participants by sex and field of study. 1982/83	20
3. Popular education organizations. Participants by organization. 1969 - 1982/83	21

INDEX OF TABLES

GENERAL ADULT EDUCATION

1. Courses and participants. County. 1980/81 - 1982/83	22
2. Courses, participants and lessons. County	23
3. Participants by type of organizer. County	24
4. Participants by field of study. County	25
5. Participants by number of lessons, sex and type of organizer. Numbers and per cent	26
6. Courses, participants and lessons, by industry of organizer	27
7. Courses and participants, by when course was held and industry of organizer	29
8. Courses, participants and lessons, by type of education (programmes)	32
9. Participants by mode of education and type of education (programme groups)	42
10. Courses and lessons, by mode of education and type of education (programme groups)	47
11. Courses by number of lessons, field and level of study. Per cent	53

POPULAR EDUCATION ORGANIZATIONS

12. Popular education organizations. Participants by sex and organization. 1980/81 - 1982/83	54
13. Popular education organizations. Courses and lessons, by organization. 1980/81 - 1982/83	55
14. Popular education organizations. Participants by field of study and organization	56
15. Popular education organizations. Participants by organization. County	60
16. Popular education organizations. Lessons by organization. County	62
17. Popular education organizations. Participants by type of study activity. County	64
18. Popular education organizations. Government grants by type of study activity. County. 1 000 kroner	65

LABOUR MARKET COURSES

19. Labour market courses. Courses, course places, applicants and participants. School county	66
20. Labour market courses. Courses, course places, applicants and participants, by type of course	67
21. Labour market courses. Participants and cause of drop-out. School county	73
22. Labour market courses. Participants and cause of drop-out for males and females in different age groups	74
23. Labour market courses. Male and female participants in different age groups, by the situation at the beginning of the course. Per cent	75
24. Labour market courses. Participants by situation at the end of the course. Per cent. School county	76
25. Labour market courses. Participants in different types of course, by situation at the end of the course. Per cent	77
26. Labour market courses. Participants in groups for sex and age and in different types of course, by right to social security support. Per cent	78

ADULT EDUCATION IN THE ARMED FORCES

27. Adult education in the Armed Forces. Courses, participants, lessons with teacher and participant lessons, by type of education	79
---	----

1. FØREMÅL

Føremålet med vaksenopplæringsstatistikken er å gi eit samordna oversyn over all vaksenopplæring. Sidan hovudmålet er ein totaldekkjande statistikk, er kjennemerka avgrensa til dei mest naudsynte. Statistikken siktar meir mot eit breitt oversyn, enn mot særleg djuptgåande analysar.

Samstundes med at statistikken skal dekkje nasjonale statistikkkrav, har ein òg teke omsyn til internasjonale oversyn over vaksenopplæring. Statistikken følgjer difor i hovuddrag tilrådingar UNESCO har gitt om vaksenopplæringsstatistikk.

2. OPPLÈGG OG GJENNOMFØRING

2.1. Datagrunnlag

Opggåvene til statistikken er henta inn på dei skjema som er viste i vedlegga 1, 2 og 3. Skjemaet i vedlegg 1 Vaksenopplæring er eit reint statistikkskjema, medan skjema i vedlegg 2 blir nytta i rutine for søknad om statstilskott. Skjema i vedlegg 3 blir nytta av Arbeidsdirektoratet for melding om arbeidsmarknadskurs. Oppgåvene over vaksenopplæringa i Forsvaret er henta frå Forsvaret sin eigen statistikkrapport.

2.2. Omfang

I vaksenopplæringsstatistikken er omgrepet vaksenopplæring definert som:

1. Grunnutdanningar som det finst paralellar til innan det ordinære utdanningssystemet, men som er utforma særskilt for vaksne. Med vaksne skal ein her forstå personar som har hatt avbrot i den normale, kontinuerlege vegen gjennom utdanningssystemet.
2. Utdanningar utan paralellar innan det ordinære utdanningssystemet, t.d. etterutdanning og friviljug studieverksemd.

Vidare inneheld statistikken opplysningar berre om formell vaksenopplæring. At eit vaksenopplæringstiltak er formelt, vil seie at deltakarane på eitt eller anna vis kan registrerast av den som skapar til kurset. Ein kan til dømes ikkje registrere einssilde personar som følgjer undervisningsprogram i radio eller fjernsyn. Men dersom denne undervisninga blir støtta av undervisning i gruppe, vil ho kunne vere med i statistikken som kurs i samband med sendingar i radio og fjernsyn (sjå avsnittet om undervisningsform under Omgrep og kjennemerke, side 10). Det er sett ei nedre grense på 8 undervisningstimar fordelt over minst 2 dagar for at eit tiltak er teke med i statistikken.

I prinsippet skal statistikken dekkje all vaksenopplæring etter definisjonen ovanfor. Statistikken har enno ikkje nådd dette målet. Nokre klart avgrensa deler av vaksenopplæringsverksemda er inntil vidare haldne utanfor statistikken. Som døme på dette kan ein nemne at brevskolane i det heile ikkje er tekne med. Dette gjeld individuelle brevkurselevar. Brevringar er registrerte i den organisasjonen som arrangerer ringen, like eins er støtteundervisning til brevkurselevar med i statistikken. Statistikken omfattar ikkje intern opplæring i private verksemdar eller opplæring ved kjøreskolar. Datamaterialet frå Forsvaret er berre tilgjengeleg i form av samanfatta rapportar og er difor ikkje integrert i statistikken. Denne verksemda er synt i særskilt tabell.

2.3. Datainnsamling

For tiltak som er arrangerte av godkjende opplysningsorganisasjonar med allmenn rett til stats-tilskott er innhentinga av oppgåver til statistikken knytta til dei administrative rutine som gjeld for søknad om tilskott. Ein kopi av dei skjema arrangørane sender til Kyrkje- og undervisningsdepartementet går til Statistisk Sentralbyrå. Til dei vaksenopplæringsarrangørane som ikkje fell inn under

desse ordningane, sender Byrået statistikkskjema anten direkte til den som skipar til kurset, eller til overordna organ. Såleis blir oppgåvene over vaksenopplæring i dei offentlege skolane henta inn frå skolestyre og fylkesskolestyre. Datainnhentinga er elles knytta til eit register over organisasjonar og institusjonar som ein kjenner til er tilskiparar av vaksenopplæringskurs. Nokre slike organisasjonar er godkjende som studieorganisasjon, men har ikkje allmenn rett til tilskott.

I samråd med Arbeidsdirektoratet er oppgåvene over arbeidsmarknadskurs henta inn gjennom ein eigen rutine frå og med 1977/78. Kurs og deltakarar inngår i den samla vaksenopplæringsstatistikken, men arbeidsmarknadskursa blir i tillegg presenterte i særskilde tabellar. For desse kursa er det registrert nokre ekstra kjennemerke, som t.d. talet på søkjarar og alder til deltakarane.

Oppgåvene over vaksenopplæringa i Forsvaret blir henta frå meldingar som Forsvaret lagar. Sidan desse dataene er av ein slik art at dei ikkje let seg integrere i den vanlege statistikken, er vaksenopplæringa i Forsvaret frå og med 1977/78 ikkje kome med i den samla statistikken. Vaksenopplæringsverksemda i Forsvaret er synt i særskild tabell bakerst i publikasjonen (tabell 27).

3. FEILKJELDER

I all statistikk vil det vere eit visst omfang av feil. I ein totalstatistikk vil det for det første vere feil som har samanheng med at den bestanden ein granskar ikkje er identisk med den bestanden ein ønskjer å seie noko om. For det andre kan det knytte seg feil til oppgaveinnhentinga og arbeidet med statistikken.

I vaksenopplæringsstatistikken er risikoen for feil av det første slaget særleg stor. Ein del av vaksenopplæringsarrangørane kan ein ikkje finne fram til i sentrale register. For dei arrangørane som heller ikkje er omfatta av administrative rutinar, har ein teke i bruk ulike kjelder for å bygge opp eit oppgaveinnkrevjingsregister over institusjonar, organisasjonar osv. som har halde kurs. Med ein slik framgangsmåte må ein rekne med at det er einingar som har arrangert eitt eller fleire vaksenopplæringskurs som ein ikkje har fått sendt statistikkskjema til. Sidan dei kjeldene Byrået har nytta truleg sikrar at alle større vaksenopplæringsarrangørar er registrerte, vil det vere lite av vaksenopplæringa som fell utanfor statistikken.

Datainnhentinga frå opplysningsorganisasjonane, som gjeld storparten av vaksenopplæringsverksemda, er knytta til rutinane for søknad til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om statstilskott. Sidan oppgavegivarane naturleg nok ønskjer tilskott til alle kurs, kan ein rekne med at heile den verksemda som har rett til tilskott blir registrert.

Av dei oppgavegivarane Byrået har hatt direkte kontakt med, har ein klart å få inn skjema frå nær sagt alle. Ein kan òg rekne med at desse stort sett har teke med alle tiltak.

Utan at ein kan talfeste nokon feilmargen, reknar Statistisk Sentralbyrå med at fråfallet ikkje svekkar kvaliteten til statistikken i avgjerande grad.

I delar av materialet er nokre av rubrikkane på skjemaet ikkje fylte ut. Særleg manglar ein oppgåver over ei fordeling av deltakarane etter kjønn, og oppgåver over timetal. Manglande og feilaktige opplysningar er så langt råd er retta opp ved kontakt med oppgavegivarane. I nokre tilfelle der timetalet ikkje er opplyst, har ein fått oppgåver over kor mange gonger kursdeltakarane har vore samla. For desse kursa er timetalet utrekna frå eit gjennomsnitt på 3 timar pr. gong.

Av feil som kjem opp under arbeidet i Byrået, kan ein særleg nemne klassifisering av tiltaka etter arten av utdanning. Mange vaksenopplæringskurs har eit fagleg innhald som gjer dei vanskelege å gruppere innafor ramma av Standard for utdanningsgruppering. Berre i den tabellen som gir den mest detaljerte oppdelinga eller arten av utdanning, kan ein tenkje seg at feilgruppering spelar noka rolle.

4. OMGREP OG KJENNERMERKE

Den statistiske eininga som arbeidet med vaksenopplæringsstatistikken er knytta til, er kurs eller tiltak. Med kurs skal ein her forstå at undervisninga går føre seg i ei gruppe. Elevar som får opplæring ein og ein, er difor ikkje rekna med. Ved førstegongsutdanning av funksjonshemma er kurs med berre ein deltakar rekna med.

Til kvart kurs er desse kjennemerka knytta: Arrangør, arten av utdanning, kursstad, talet på studietimar, når undervisninga går føre seg og undervisningstype. Deltakarane er grupperte etter kjønn.

Lov om vaksenopplæring fordeler ansvaret for ulike delar av vaksenopplæringa mellom offentlege og private arrangørar. Staten har ansvar for alternativ førstegongsutdanning for vaksne, etterutdanning ved høgre utdanningsinstitusjonar og arbeidsmarknadskurs. Fylkeskommunen (fylkesskolestyret) har ansvar for førstegongsutdanning for vaksne og etterutdanning ved utdanningsinstitusjonar på den vidaregåande skolens nivå. Kommunen (skolestyret) har ansvar for førstegongsutdanning for vaksne i grunnskolen. Organisasjonanes oppgåve er studiearbeid blant vaksne som ikkje er bunde av bestemte pensar og eksamener. Dei kan òg engasjere seg i alternativ førstegongsutdanning, og i regulær førstegongsutdanning som eit avvik frå den normale arbeidsdelinga.

I denne publikasjonen er arrangør klassifisert etter Standard for næringsgruppering og etter eigartilhøve. I tabellane er det gitt inndelingar etter næring for arrangøren eller etter arrangørtype. Næring for arrangøren er gitt i næringsundergrupper (1.-5. siffer av næringsstandarden). Arrangørtype er ei inndeling i seks grupper basert på næring og eigartilhøve.

Arten av utdanning er klassifisert etter Standard for utdanningsgruppering. Det har vore naudsynt å klassifisere utdanningar som ikkje er tekne med blant einskildutdanningane i standarden. Mellom anna har ein ofte klassifisert utdanningar med ubestemt utdanningsnivå. I tabellane vil ein heller ikkje finne noka hovudinndeling etter nivå. Som oftast er det nytta ei inndeling etter faggrupper, der ein ser bort i frå nivåinndeling (2.-3. siffer i utdanningsstandarden).

Kursstaden. Kvart kurs er gruppert etter kva for ein kommune det er halde i. I denne publikasjonen er det berre nytta inndeling etter fylke. Tabellar med kommunetal for heile landet finst utrykte, og er elles publiserte i serien Nye distriktstall.

Talet på studietimar. For mange føremål er dette truleg det beste målet på vaksenopplæringsaktiviteten. Dei timane det har vore undervist av lærar er skilt ut.

Når går kurset føre seg? Ein skil mellom dagtid, kveldstid, både dag- og kveldstid og internatkurs. Med internatkurs skal ein forstå alle kurs der deltakarane normalt ikkje bur på heimstaden medan kurset varar.

Undervisningsform. Ein deler kursa inn i desse undervisningsformene: 1. Kurs med lærar. 2. Klasse/studiering utan lærar. 3. Gruppeundervisning kombinert med eit brevkurs. Dette kan vere brevringer, eller det kan vere støtteundervisning i klasse for brevkurselevar. 4. Kurs i samband med sendingar i radio eller fjernsyn.

Type tiltak. Når det gjeld verksemda i opplysningsorganisasjonar med rett til tilskott, deler ein kursa inn i samsvar med grupperinga i lova om vaksenopplæring: 1. Studiering med lærar. 2. Studiering utan lærar. 3. Organisasjonsbrevring. 4. Studiering på høgre nivå. 5. Tiltak etter §24 nr. 1 (særskilde vaksenopplæringstiltak). 6. Tillitsmannskurs jf. §24 nr. 2. 7. Kurs for medarbeidarar jf. §19 nr. 2. I tillegg kjem tiltakstypen Studiering delvis med lærar.

Statstilskott. Statistikken inneheld berre opplysningar om statstilskott til studiearbeid i opplysningsorganisasjonar som har allmenn rett til tilskott. Opplysningane gjeld stønad knytta direkte til dei einskilde kursa, og ikkje anna stønad til den einskilde organisasjonen. Talet for statstilskott vil ikkje naudsynleg tilsvare det faktisk utbetala tilskottet, sidan talet som oftast byggjer på søknader frå den einskilde arrangøren.

For arbeidsmarknadskurs er det registrert ein del ekstra kjennemerke, som bustadskommune, situasjon før og etter tiltak, rett til dagpengar, årsak til slutt, alder og talet på søkjarar.

5. BRUK AV TABELLANE OG NOKRE HOVUDRESULTAT

5.1. Bruk av tabellane

Som prinsipp for publiseringa av denne statistikken har ein valt å la tabellar som dekkjer alle former for vaksenopplæring få størst plass. Særskilde tabellar er likevel tekne med for å dekkje tiltak i folkeopplysningsorganisasjonane, arbeidsmarknadskurs som lekk i arbeidsmarknadspolitikken og vaksenopplæring i Forsvaret.

Tabellane kan delast inn i to hovudtypar: Tabellar som gir fordeling etter type arrangør, og etter arten av utdanning. Som teljeeining er det nytta både kurs, deltakarar og undervisningstimar, men med hovudvekt på deltakartal. Ein må då ta omsyn til at mange har vore med på meir enn eitt kurs i skoleåret. Talet på deltakarar er difor høgare enn talet på personar som har vore med. Tidlegare granskningar, som t.d. i publikasjonen Vaksenopplæring 1969 - 1974, nr. 26 i serien Statistiske analyser frå Statistisk Sentralbyrå, viser at ein kan rekne at kvar person er med på 1 1/2 kurs i gjennomsnitt.

I nokre oversiktstabellar først i publikasjonen vil ein finne tal for aktiviteten i fylka (sidene 22-25). Sidan det gjeld kursstad, gir tabellane ikkje direkte uttrykk for bustadfylket til deltakarane.

Med omsyn til tabellen over statstilskott bør ein vere varsam med å samanlikne direkte med dei årlege budsjetta. Dette følgjer av tilhøve nemnd i avsnitt 4, av at oppgaver manglar for nokre av kursa og av di vaksenopplæringsstatistikken følgjer skoleåret.

5.2. Samanlikningar med tidlegare statistikkar

Vaksenopplæringsstatistikken for 1982/83 er utarbeidd etter same opplegg som første gongen blei nytta for 1975/76. Samanlikningar med tidlegare år enn 1975/76 kan ein difor gjere berre for arbeidsmarknadskurs (yrkesopplæringskurs for vaksne) og tiltak i folkeopplysningsorganisasjonane.

Som følgje av omlegginga av statistikken var det ein svipt i registreringa for 1975/76 som er rekna ut til om lag 30 000 deltakarar. Vaksenopplæringa i Forsvaret har ikkje vore med i den vanlege statistikken sidan 1976/77, då den hadde 22 676 deltakarar. Heller ikkje i denne publikasjonen er verksemda i Forsvaret med i den samla statistikken (tabellane 1-11), men er presentert særskild i tabell 27.

5.3. Nokre hovudresultat

Denne statistikken syner at 1 027 495 deltakarar var med på 91 224 vaksenopplæringskurs i 1982/83. Talet på studietimar var 3,5 millionar, eller i gjennomsnitt 39 timar pr. kurs. Av deltakarane var 55 prosent kvinner. Talet på deltakarar var nær ein tredel av folketalet over 15 år. I desse tala er vaksenopplæringa i Forsvaret ikkje rekna med.

Samanlikna med 1981/82 var det ein nedgang på 4 prosent i talet på deltakarar og 5 prosent i talet på kurs.

Det er første gongen sidan statistikken tok til at ein registrerar ein klår nedgang i totaltalet for kurs og deltakarar. Det var i første rekkje verksemda til opplysningsorganisasjonane som gjekk attende. Desse hadde samla ein nedgang på 7 prosent både i talet på deltakarar og i talet på kurs. Vaksenopplæring arrangert av offentlege skolar og andre offentlege arrangørar synte derimot klår auke. Deltakartalet hos offentlege skolar auka særleg mykje i Akershus; hos andre offentlege arrangørar særleg mykje i Oslo. Desse to fylka var òg dei einaste som hadde ein auke i talet på deltakarar i høve til folkemengda. Høgast deltaking i høve til folkemengda over 15 år hadde Nord-Trøndelag, med nær 42 prosent. Lågast låg Buskerud med 25 prosent.

Opplysningsorganisasjonane har ei dominerande stilling innan vaksenopplæringa, med 84 prosent av alle deltakarane og 70 prosent av undervisningstimane. I tidlegare år dekte Arbeidernes Opplysningsforbund og Folkeuniversitetet meir enn halvparten av deltakartalet til opplysningsorganisasjonane.

I 1982/83 hadde denne delen gått ned til 42 prosent. Det er særleg verksemda til Fellestrådet for Sang- og Musikkorganisasjonene i Norge som har auka sterkt dei siste åra, og i 1982/83 hadde Fellestrådet fleire kursdeltakarar enn Folkeuniversitetet.

Dei fleste vaksenopplæringskursa er korte. Såleis var 85 prosent av kursa, med 78 prosent av deltakarane, kortare enn 50 studietimar.

Det var flest deltakarar på kurs innan fagfeltet humaniora og estetikk, med 39 prosent av deltakarane. Dette fagfeltet dekkjer mellom anna historie, språk, kunst og musikkfag. Fagfeltet administrasjon, økonomi, samfunnsvitenskap og jus hadde 25 prosent av deltakarane.

Det meste av vaksenopplæringa går føre seg på kveldstid. Den vanlegaste undervisningsforma var klasse- eller gruppeundervisning med lærar.

På arbeidsmarknadskurs var det 12 740 deltakarar mot 11 296 året før.

1. PURPOSE

The educational statistics aim to present an aggregated survey of all adult education. As the principal purpose with the statistics is total coverage, the characteristics are limited to what is strictly necessary. The statistics aim at a broad survey, more than profound analyses.

In addition to the meeting of national needs for statistics, international statistics on adult education are also brought into consideration. Therefore the main pattern of the statistics is based on the UNESCO recommendations for statistics on adult education.

2. SURVEY DESIGN

2.1. Data

The statistical material is compiled on the questionnaires given as annexes 1, 2 and 3.

The questionnaire in annex 1 (Adult education) is a mere statistical one, while the form in annex 2 is used in applying for state grants. The Directorate of Labour uses the form in annex 3 to report the labour market courses. Data on adult education in the Armed Forces are drawn from a statistical report produced by the Armed Forces.

2.2. Scope

In the statistics on adult education the concept adult education is defined as:

1. Basic educations with parallels within the ordinary educational system especially organized for adult persons. "Adult persons" here means persons who had interruption(s) in the normal proceeding through the educational system.
2. Educations without parallels within the ordinary educational system, for instance continuing education and voluntary studying.

Further, the statistics include only data on formal adult education. An adult education activity is formal when the organizer somehow registers the participants. It is for example impossible to register single persons who follow educational transmissions in radio or television. But if this education is supplied by education in a group, this could be included in the statistics as course connected to radio and television transmission. (See section on mode of education under Terms and variables, page 16.) To be included in the statistics, a programme must have a duration of at least two days, and at least eight hours of study.

In principle, the statistics will cover all adult education by the above-mentioned definition, but it has not yet reached this aim. Therefore, some well-defined fields of the adult education activity are temporarily excluded from the statistics. Postal tuition, for instance, is entirely excluded for the present. This concerns individual pupils at correspondence courses. Correspondence circles are registered in the organization arranging the circle, and supplementary education to correspondence courses is likewise included in the statistics. Internal training in establishments and driving schools is excluded. As the data on adult education in the Armed Forces are available only in summarized reports, these data are not integrated in the statistical material. Data on this activity are reported in a separate table.

2.3. Collection of data

Regarding educational activities which are arranged by organizations approved as educational organizations and generally entitled to state grants, the collection of statistical data is linked to the applications for such grants.

The Central Bureau of Statistics receives a copy of the forms sent by the organizer to the Ministry of Church and Education. Organizers outside these routines, receive questionnaires directly from the Bureau or via superior bodies. Thus, information on adult education in public schools is compiled from municipal and county municipal school authorities. Other collection of data is connected to a register on bodies and institutions which are known to be organizers of educational activities.

In co-operation with the Directorate of Labour the statistics on labour market courses are prepared through a special routine. Courses and participants are included in the total statistics, but data on the labour market courses are also reported in separate tables. These tables include supplementary variables such as number of applicants and participants by age.

Data on adult education in the Armed Forces are collected from reports from the Armed Forces. As from 1977/78 these data have not been integrated in the total statistics. Data on this activity are reported in a separate table (table 27).

3. ERRORS

All statistics are suffering from a certain range of errors. The errors in statistics with total coverage are primarily due to the fact that the population investigated is not identical with the population we wish to describe. Secondly, collection and processing errors occur. Statistics on adult education are especially likely to be suffering from the first one of the above-mentioned error types. Some of the organizers of adult education are not to be found in central registers.

Regarding organizers not included in administrative routines, different sources are used to develop a register of institutions, organizations etc. organizing courses. Following such a practice, we must allow for the omission of bodies who have organized one or more courses of adult education. But the sources of the Bureau secure the inclusion of all larger organizers, so that only a small part of the adult education is not covered by the statistics. Data collection from the popular education organizations, which cover most of the adult education, is linked to the routines for state grant applications through the Ministry of Church and Education. We assume the informants from natural reasons to wish state grant for all courses, and thus, that the entire activity which is entitled to state grants is registered.

The Bureau has received questionnaires from almost all the informants directly contacted, and we assume that nearly all course arrangements are included.

Without giving figures for the margin of error, the Central Bureau of Statistics does not hold the non-response to impair seriously the quality of the statistics.

Parts of the material suffer from incomplete forms. They particularly lack data on sex distribution of the participants and data on number of lessons. This information is procured, as far as possible, by contact with the informants. In cases when the number of meetings, but not the number of lessons is reported, the latter is estimated from an average of 3 lessons per meeting.

Among the processing errors, especially those connected to classification of the activities by type of education ought to be mentioned. Many of the activities of adult education cover a sphere difficult to classify in accordance with the Norwegian Standard Classification of Education. Only the table presenting the most detailed classification by type of education, is assumed to suffer from those errors to some extent.

4. TERMS AND VARIABLES

Course or activity is the statistical unit in the statistics of adult education. Course here means that the education goes on in a group. Therefore, single pupils are excluded. As regards basic education for the handicapped, courses with only one participant are registered.

The variables linked to each course are: Type of organizer, type of education, place of tuition, number of lessons, when it takes place and type of instruction. The participants are distributed by sex.

According to the Act on adult education the responsibility for various parts of the adult education is divided between different public and private organizers. The duty of the popular educational organizations is to organize voluntary studying for adults, which is not bound to fixed syllabus and examination requirements. These organizations may also engage in basic education which as a rule is the responsibility of public authorities.

In this publication

organizer is classified according to the Standard Industrial Classification and by owner condition. The tables present distribution by industry of organizer or by type of organizer. Industry or organizer is classified by industry subgroup (1-5 digit).

Type of organizer is a classification in six groups based on industry and owner condition.

Type of education is classified according to Norwegian Standard Classification of Education. It was necessary to classify programmes not existing in the Standard. For instance programmes which could not be classified by educational level. Nor do the tables have any main classification by level. Most often a classification by programme group (2-3 digit) is used in the tables.

Place of education. The courses are grouped by the municipality in which they take place. In the present publication only distribution by county is used. Tables with municipal figures for the whole country exist unprinted and are otherwise published in the series New District Figures.

The number of lessons is probably the best measure of the adult education activity. Lessons conducted by a teacher are also separated.

When does the course take place? We distinguish between courses during daytime, in the evening, combination of the two and courses at boarding schools. Courses at boarding schools include all courses where the participants do not live at home.

Mode of education. The courses are divided into 3 types: 1. Course with teacher. 2. Class/study circle without teacher. 3. Instruction in groups, combined with a correspondence course. This may be letter circles or supporting instruction for correspondence course pupils. 4. Course connected to radio and television transmission.

Type of activity. Courses arranged by the popular education organizations are grouped according to the Act on adult education: 1. Study group with teacher. 2. Study group without teacher. 3. Letter circles in organizations. 4. Study group at higher level. 5. Activity according to §24 No. 1 (Special activities in adult education). 6. Shop steward courses according to §24 No. 2. 7. Courses for the staff according to §19 No. 2. In addition comes study group partly with teacher.

Government grants. The statistics only include information on government grants given to popular education organizations which have a general right to such grants. The data refer to grants given directly to the individual course and not to other types of financial support to the organizations. Since data on government grants are based on applications from the organizations, the data will not necessarily correspond to the actual given support.

The statistics on labour market courses include supplementary information such as place of residence, situation at the beginning and at the end of the course, right to social security support, cause of drop-out, the number of applicants and participants by age.

5. USE OF TABLES AND SOME MAIN RESULTS

5.1. Use of tables

The leading principle in the publishing of this statistics has been to give most space to tables covering all forms of adult education. Special tables are given for activities within popular education organizations, labour market courses and adult education in the Armed Forces.

The tables can be divided into two main types; tables presenting classification by type of organizer and by type of education. The units are course, participants and number of lessons, with particular stress on the number of participants. The fact that many persons have participated in more than one course during the school year should be taken into account. Therefore, the number of participants is higher than the number of persons actually involved. Previous investigations, for instance the findings presented in the publication *Adult Education 1969 - 1974*, No. 26 published in the series *Statistical Analyses (SA)* from the Central Bureau of Statistics, show an average of 1 1/2 course per person.

Figures on the activities in the counties are to be found in some survey tables, pages 22-25. As the tables refer to place of instruction, the participants' place of residence is not directly described.

As regards the table showing government grants, care should be taken with making direct comparisons to the annual budgets. This is ensued by circumstances mentioned in item 4, missing data on some of the courses and the fact that the data refer to the school year.

5.2. Comparability to other surveys

The statistics on adult education for 1982/83 are prepared according to the same pattern introduced from 1975/76. Comparisons with earlier years than 1975/76 are therefore possible only for labour market courses (adult vocational education) and activities within the popular education organizations.

As a result of the reorganization of the statistical routines, about 30 000 participants are missing in the statistics for 1975/76. Data on adult education in the Armed Forces have not been included in the statistical reports since 1976/77. That year altogether 22 676 participants took part in these courses. Figures on this activity for 1981/82 are not included as a part of the total figures as presented in tables 1-11, but are reported in a separate table.

5.3. Some main results

The statistics on adult education show that 91 224 courses with 1 027 495 participants were organized in 1982/83. The number of lessons was 3.5 millions, or an average of 39 lessons per course. 55 per cent of the participants were women. The number of participants was near one third of the population above 15 years of age. The adult education in the Armed Forces is not included in these figures.

Compared to 1981/82 there was a decrease of 4 per cent in the number of participants and a decrease of 5 per cent in the number of courses.

The popular education organizations had a decrease of 7 per cent both in the number of participants and in the number of courses, while the activity arranged by public schools and other public organizers increased.

As compared to the size of population above 15 years of age, Nord-Trøndelag had the highest activity level (42 per cent). The lowest activity level was registered in Buskerud (25 per cent).

The popular education organizations dominate the field of adult education, with 84 per cent of all the participants and 70 per cent of the number of lessons. The Workers' Educational Association and the Folk University covered 42 per cent of the participants within these types of organizations, compared to more than 50 per cent in previous years. There has been a high increase in the activity of the Association of Choirs and Musical Societies during the last years, and in 1982/83 this organization had a higher number of participants than the Folk University.


Most of the adult education courses are of short duration. Thus, 85 per cent of the courses, with 78 per cent of the participants, had less than 50 lessons.


The field humanities, religion and theology and fine and applied arts programmes had the highest share of the total participants (39 per cent). The field commercial and business administration, social and behavioural science and legal programmes had 25 per cent of the participants.

Most adult education takes place in the evening. The most usual type of study activity is classes or groups with a teacher.


Labour market courses had 12 740 participants as compared to 11 296 the preceding year.

Figur 1. Deltakere i prosent av folkemengda over 15 år. Fylke. 1976/77 og 1982/83
 Participants in per cent of population over 15 years. County. 1976/77 and 1982/83



Figur 2. Deltakere etter kjønn og fagfelt. 1982/83 *Participants by sex and field of study. 1982/83*

Figur 3. Opplysningsorganisasjonar. Deltakarar etter organisasjon. 1969-1982/83
 Popular education organizations. Participants by organization. 1969-1982/83



11 1. Kurs og deltakarar. Fylke, 1980/81 - 1982/83 Courses and participants. County.
 1980/81 - 1982/83

e ty	Kurs Courses			Deltakarar Participants		
	1980/81	1981/82	1982/83	1980/81	1981/82	1982/83
t Total	97 020	96 099	91 224	1 052 872	1 075 275	1 027 495
old	6 633	6 524	5 649	58 319	62 273	55 718
shus	7 033	6 776	7 371	72 358	72 705	79 239
.....	9 329	9 400	8 915	117 844	111 593	114 223
mark	4 658	4 396	4 228	45 745	45 051	41 962
and	4 978	4 885	4 602	55 979	58 519	55 266
erud	4 544	4 170	3 896	47 616	46 600	42 376
.fold	5 475	5 115	4 786	51 979	53 272	48 069
mark	3 868	4 166	3 567	42 880	45 741	40 222
-Agder	2 275	1 592	1 622	22 600	18 103	18 268
:Agder	3 210	2 927	2 943	36 869	33 621	33 651
land	8 049	8 112	7 866	88 653	87 706	83 120
aland	7 661	8 161	8 523	83 458	87 502	94 071
og Fjordane	3 130	2 928	2 547	40 275	37 544	31 748
og Romsdal	4 545	4 564	4 323	51 817	55 356	54 864
Trøndelag	7 179	6 608	5 495	77 494	79 594	63 317
i-Trøndelag	3 825	3 881	3 493	39 190	42 956	39 743
land	4 978	5 547	5 772	52 539	59 742	61 346
is	3 441	3 819	3 238	35 887	39 841	37 199
mark	1 907	2 010	1 645	20 405	21 127	17 708
bard	33	31	21	340	354	256
indet Abroad	41	40	42	771	618	493
ogitt Unknown	228	447	680	9 854	15 457	14 636

Tabell 2. Kurs, deltakere og timer. Fylke Courses, participants and lessons. County

Fylke County	Kurs Courses	Deltakere Participants				I prosent av folkemengde over 15 år In per cent of population over 15 years	Timer Lessons
		I alt Total	Menn Males	Kvinner Females	Uoppgitt Unknown		
1980/81	97 020	1 052 872	451 427	578 907	22 538	33,6	3 371 028
1981/82	96 099	1 075 275	459 452	592 792	23 031	34,1	3 465 162
1982/83	91 224	1 027 495	449 944	552 945	24 606	32,3	3 541 006
1982/83							
Østfold	5 649	55 718	24 190	30 032	1 496	30,5	189 599
Akershus	7 371	79 239	31 635	46 453	1 151	27,5	259 436
Oslo	8 915	114 223	45 155	64 329	4 739	30,1	389 718
Hedmark	4 228	41 962	18 731	22 375	856	28,3	141 686
Oppland	4 602	55 266	28 321	26 111	834	38,8	170 715
Buskerud	3 896	42 376	18 865	21 814	1 697	25,0	137 965
Vestfold	4 786	48 069	19 941	26 395	1 733	32,8	192 945
Telemark	3 567	40 222	16 828	22 779	615	31,9	137 605
Aust-Agder	1 622	18 268	7 721	10 143	404	26,2	71 531
Vest-Agder	2 943	33 651	13 306	19 689	656	32,3	128 455
Rogaland	7 866	83 120	37 562	44 555	1 003	36,0	286 101
Hordaland	8 523	94 071	41 128	51 592	1 351	31,4	292 797
Sogn og Fjordane	2 547	31 748	14 087	17 183	478	39,4	101 626
Møre og Romsdal	4 323	54 864	24 549	29 654	661	30,6	179 737
Sør-Trøndelag	5 495	63 317	27 868	33 999	1 450	33,3	177 793
Nord-Trøndelag	3 493	39 743	17 884	21 421	438	41,6	149 014
Nordland	5 772	61 346	28 621	31 755	970	33,0	277 044
Troms	2 238	37 199	17 192	19 343	664	33,6	155 482
Finnmark	1 645	17 708	8 257	9 167	284	30,9	79 616
Svalbard	21	256	109	147	-	..	1 054
Utlandet Abroad	42	493	256	237	-	..	1 810
Uoppgitt Unknown	680	14 636	7 738	3 772	3 126	..	19 277

Tabell 3. Deltakarer etter arrangørtype. Fylke Participants by type of organizer. County

Fylke County	Deltakarer i alt Partici- pants, total	Offentlege skolar Public schools	Andre offentlege arrangørar Other public organizers	Private skolar Private schools	Andre private arrangørar Other private organizers	Opp- lysnings- organisa- sjonar Popular education organiza- tions	Andre organisa- sjonar Other organiza- tions
1980/81	1 052 872	79 349	26 497	12 771	2 901	901 865	29 489
1981/82	1 075 275	72 819	24 782	15 695	1 141	930 220	30 618
1982/83	1 027 495	84 431	29 099	16 423	1 096	868 305	28 141
1982/83							
Østfold	55 718	3 672	103	1 923	35	49 347	638
Akershus	79 239	14 907	1 501	2 617	38	59 282	894
Oslo	114 223	15 448	15 196	4 012	490	73 635	5 442
Hedmark	41 962	1 284	275	310	91	39 056	946
Oppland	55 266	2 431	277	487	-	50 432	1 639
Buskerud	42 376	2 444	668	435	21	37 061	1 747
Vestfold	48 069	3 326	61	452	40	42 248	1 942
Telemark	40 222	1 712	456	556	22	37 117	359
Aust-Agder	18 268	1 703	151	136	-	15 975	303
Vest-Agder	33 651	3 330	258	216	-	29 024	823
Rogaland	83 120	7 163	934	659	-	73 446	918
Hordaland	94 071	5 849	1 687	2 727	301	82 274	1 233
Sogn og Fjordane	31 748	1 456	69	174	-	29 491	558
Møre og Romsdal	54 864	3 089	89	269	-	50 781	636
Sør-Trøndelag	63 317	4 457	366	250	-	57 189	1 055
Nord-Trøndelag	39 743	1 968	223	429	-	36 604	519
Nordland	61 346	3 750	1 641	227	-	54 853	875
Troms	37 199	3 294	943	359	24	31 897	682
Finmark	17 708	1 547	257	120	-	15 556	228
Svalbard	256	-	-	-	-	256	-
Utlandet Abroad	493	-	33	-	34	177	249
Uppgitt Unknown	14 636	1 601	3 911	65	-	2 604	6 455

Tabell 4. Deltakarar etter fagfelt. Fylke Participants by field of study. County

Fylke County	Del- takarar i alt Partici- pants, total	Allment fagfelt General programmes		Humani- ora og estetikk Humanities, religion and theo- logy, fine and applied arts pro- grammes	Adminis- trasjon, økonomi, samfunn- vitskap og jus Commer- cial and business adminis- tration, social and beha- vioural science and law pro- grammes	Industri, handverk, natur- vitskap og teknikk Trade, craft, natural science, mathe- matics and en- gineering pro- grammes	Helse- vern Medical and para- medical pro- grammes	Teneste- yting og forsvar Service and military pro- grammes	Andre Other pro- grammes
		Utdan- ning på ungdoms- skolenivå Education at the second level, second stage I and II	Utdanning på gym- nasnivå I og II Education at the second level, second stage I and II						
1980/81	1 052 872	7 246	15 765	374 151	263 988	149 027	51 288	59 545	131 862
1981/82	1 075 275	6 054	15 259	400 679	259 141	148 658	52 494	58 014	134 976
1982/83	1 027 495	6 843	16 494	396 962	252 730	128 548	44 067	56 609	125 242
1982/83									
Østfold	55 718	445	1 164	20 537	16 065	5 802	2 162	2 861	6 682
Akershus	79 239	327	2 592	28 844	19 880	10 359	2 684	4 327	10 226
Oslo	114 223	705	4 171	34 746	35 540	11 016	5 086	6 505	16 454
Hedmark	41 962	203	334	14 779	11 053	5 713	1 459	2 301	6 120
Oppland	55 266	246	146	23 853	12 484	7 625	2 966	2 114	5 832
Buskerud	42 376	145	517	12 952	12 625	7 628	1 434	2 224	4 851
Vestfold	48 069	321	1 412	19 311	10 926	5 976	1 748	2 430	5 945
Telemark	40 222	395	220	16 726	10 252	4 723	1 475	2 450	3 981
Aust-Agder	18 268	128	238	7 394	3 294	2 964	513	918	2 819
Vest-Agder	33 651	76	382	14 423	6 575	5 031	852	2 319	3 993
Rogaland	83 120	1 018	1 259	30 217	19 416	11 154	4 434	3 999	11 623
Hordaland	94 071	852	675	40 834	23 083	11 286	4 774	3 672	8 895
Sogn og Fjordane	31 748	175	181	16 109	5 624	3 260	1 416	1 441	3 542
Møre og Romsdal	54 864	398	329	29 070	8 783	5 669	2 374	3 037	5 204
Sør-Trøndelag ..	63 317	196	1 517	25 394	14 597	7 563	2 963	3 791	7 296
Nord-Trøndelag .	39 743	123	523	17 636	7 637	4 858	1 915	2 184	4 867
Nordland	61 346	380	384	24 238	16 012	6 695	2 277	3 517	7 843
Troms	37 199	497	231	13 574	9 622	4 082	1 683	2 964	4 546
Finmark	17 708	213	219	5 850	3 991	2 015	638	1 526	3 256
Svalbard	256	-	-	78	32	14	-	-	132
Utlandet Abroad	493	-	-	84	72	57	-	28	252
Uoppgitt Unknown	14 636	-	-	313	5 167	5 058	1 214	2 001	883

Tabell 5. Deltakarar etter timetal for kurset, kjønn og arrangørtype. Absolutte tal og prosent
 Participants by number of lessons, sex and type of organizer. Numbers and per cent

Kjønn og arrangørtype Sex and type of organizer	I alt Total	Timetal for kurset Number of lessons					Uopp- gitt Un- known
		8-19 timar lessons	20-49 timar	50-99 timar	100-299 timar	300 timar og over and over	
		Absolutte tal		Numbers			
I alt Total	1 027 495	337 477	464 787	137 152	53 297	24 758	10 024
KJØNN SEX							
Menn Males	449 944	155 524	189 307	63 979	24 642	13 008	3 484
Kvinner Females	552 945	172 783	264 671	70 383	28 315	11 715	5 078
Uoppgitt Unknown	24 606	9 170	10 809	2 790	340	35	1 462
ARRANGØRTYPE							
Offentlege skolar Public schools	84 431	11 311	23 303	14 585	17 279	13 749	4 204
Andre offentlege arrangørar Other public organizers	29 099	10 186	14 153	1 958	1 593	938	271
Private skolar Private schools	16 423	4 240	7 512	2 283	854	1 222	312
Andre private arrangørar Other private organizers	1 096	384	393	303	16	-	-
Opplysningsorganisasjonar Popular education organizations	868 305	300 200	409 662	114 671	33 349	8 843	1 580
Andre organisasjonar Other organizations	28 141	11 156	9 764	3 352	206	6	3 657
		Prosent		Per cent			
I alt	100	32,8	45,2	13,3	5,2	2,4	1,0
KJØNN							
Menn	100	34,6	42,1	14,2	5,5	2,9	0,8
Kvinner	100	31,2	47,9	12,7	5,1	2,1	0,9
Uoppgitt	100	37,3	43,9	11,3	1,4	0,1	5,9
ARRANGØRTYPE							
Offentlege skolar	100	13,4	27,6	17,3	20,5	16,3	5,0
Andre offentlege arrangørar ...	100	35,0	48,6	6,7	5,5	3,2	0,9
Private skolar	100	25,8	45,7	13,9	5,2	7,4	1,9
Andre private arrangørar	100	35,0	35,9	27,6	1,5	-	-
Opplysningsorganisasjonar	100	34,6	47,2	13,2	3,8	1,0	0,2
Andre organisasjonar	100	39,6	34,7	11,9	0,7	0,0	13,0

Tabell 6. Kurs, deltakarar og timar, etter næring for arrangøren Courses, participants and lessons, by industry of organizer

Næring for arrangøren Industry of organizer	Kurs Courses	Deltakarar Participants					Timar Lessons		Gjennom- snittleg timetal ² Average number of lessons ²
		I alt Total	Menn Males	Kvinner Females	Uopp- gitt Un- known	I alt Total	Med lærar ¹ With teacher ¹		
I alt Total	91 224	1 027 495	449 944	552 945	24 606	3 541 006	2 578 282	39	
BANK- OG FINANSIERINGS- VERKSEMD FINANCIAL INSTITUTIONS	2	62	38	24	-	36	-	18	
FORRETNINGSMESSIG TENESTE- YTING BUSINESS SERVICES EXCEPT MACHINERY AND EQUIPMENT RENTAL AND LEASING	13	367	295	72	-	366	366	28	
KOMMUNEADMINISTRASJON LOCAL GOVERNMENT ADMINISTRATION	443	9 649	3 050	6 269	330	19 307	14 910	44	
